

AVGJERD nr. H4

2016/EØS/12/30

av 22. desember 2009

om samansetnaden av og arbeidsmetodane til revisjonsutvalet til Den administrative kommisjonen for koordinering av trygdeordningar

(2010/C 107/03)(*)

DEN ADMINISTRATIVE KOMMISSJONEN FOR
KOORDINERING AV TRYGDEORDNINGAR HAR —*Artikkel 2*

med tilvising til artikkel 72 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004 av 29. april 2004 om koordinering av trygdeordningar⁽¹⁾, der det er fastsett at Den administrative kommisjonen skal fastsetje kva faktorar som skal leggjast til grunn for rekneskapsføringa av utgifter som etter denne forordninga skal dekkjast av institusjonane til medlemsstatane, og vedta årsrekneskapen mellom desse institusjonane, på grunnlag av rapporten frå det revisjonsutvalet som er nemnt i artikkel 74,

med tilvising til artikkel 74 i forordning (EF) nr. 883/2004, der det er fastsett at Den administrative kommisjonen skal fastsetje samansetnaden av og arbeidsmetodane til revisjonsutvalet, som skal levere rapportar og kome med ei grunngjeven fråsegn for Den administrative kommisjonen tek avgjerder i medhald av artikkel 72 bokstav g) —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

1. Revisjonsutvalet som er fastsett i artikkel 74 i forordning (EF) nr. 883/2004 om koordinering av trygdeordningar, høyrer inn under Den administrative kommisjonen for koordinering av trygdeordningar.

2. Revisjonsutvalet skal, når det utfører oppgåvene sine slik det er fastsett i artikkel 74 bokstav a)–f) i forordning (EF) nr. 883/2004, vere underlagt fullmakta til Den administrative kommisjonen og ta imot instruksjonar frå denne. Innanfor denne ramma skal revisjonsutvalet leggje fram for Den administrative kommisjonen eit langsiktig arbeidsprogram for godkjenning.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT C 107 av 27.4.2010, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 133/2011 av 2. desember 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg VI (Trygd), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 15 av 15.3.2012, s. 21.

⁽¹⁾ TEU L 166 av 30.4.2004, s. 1.

1. Revisjonsutvalet skal i prinsippet ta avgjerdene sine på grunnlag av underlagsdokument. Utvalet kan be dei kompetente styresmaktene om alle opplysningar eller granskingar som det meiner er naudsynte for handsaming av dei sakene som det har fått i oppdrag å undersøkje. Der det er naudsynt, og dersom presidenten for Den administrative kommisjonen har gjeve samtykke til det på førehand, kan revisjonsutvalet gje ein medlem av sekretariatet eller visse medlemmer av revisjonsutvalet i oppgåve å gjere dei undersøkingane som er naudsynte for at arbeidet skal kunne førast vidare, og å gjere desse undersøkingane på staden. Presidenten for Den administrative kommisjonen skal melde frå til representanten for Den administrative kommisjonen i den medlemsstaten som det gjeld, om at denne undersøkinga finn stad.

2. Revisjonsutvalet skal leggje tilhøva til rette for ei endeleg rekneskapsavslutning i tilfelle der det ikkje vert oppnådd semje innanfor det tidsrommet som er fastsett i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009 av 16. september 2009 om fastsettelse av nærmere regler for gjennomføring av forordning (EF) nr. 883/2004 om koordinering av trygdeordningar⁽²⁾. Den grunngjevne oppmodinga om ei fråsegn frå revisjonsutvalet om ein tvist, skal i medhald av artikkel 67 nr. 7 i forordning (EF) nr. 987/2009 leverast til revisjonsutvalet av ein av partane seinast 25 vyrkedagar før eit møte tek til.

3. Revisjonsutvalet kan skipe ei forliksgruppe som skal hjelpe til i arbeidet med den grunngjevne oppmodinga om ei fråsegn frå revisjonsutvalet, som ein av partane har lagt fram i samsvar med nr. 2 i denne artikkelen.

Nærmare føresegner om samansetnaden, mandatperioden, oppgåvene, arbeidsmetodane og leiarordninga for forliksgruppa skal fastleggjast i eit mandat som revisjonsutvalet skal godkjenne.

Artikkel 3

1. Revisjonsutvalet skal vere samansett av to representantar for kvar av medlemsstatane i Den europeiske unionen som er oppnemnde av dei kompetente styresmaktene i desse statane.

Ved forfall kan medlemmene av revisjonsutvalet representerast ved ein varamedlem som er oppnemnt for dette føremålet av dei kompetente styresmaktene.

2. Representanten for Europakommisjonen eller vara-representanten hans/hennar i Den administrative kommisjonen skal ha ein rådgjevande funksjon i revisjonsutvalet.

⁽²⁾ TEU L 284 av 30.10.2009, s. 1.

3. Revisjonsutvalet skal få hjelp av ein uavhengig sakkunnig eller ei uavhengig gruppe av sakkunnige med fagutdanning og røynsle frå saker som gjeld oppgåvene til revisjonsutvalet, særleg oppgåver i medhald av artikkel 64, 65 og 69 i forordning (EF) nr. 987/2009.

Artikkel 4

1. Vervet som leiar for revisjonsutvalet skal gå til ein medlem frå den same medlemsstaten som har vervet som president for Den administrative kommisjonen.

2. Leiaren for revisjonsutvalet kan, i samarbeid med sekretariatet, gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for snøgt å løyse alle problem innanfor kompetansen til revisjonsutvalet.

3. Som hovudregel skal leiaren for revisjonsutvalet leie møta i dei arbeidsgruppene som har fått i oppdrag å handsame problem som høyrer inn under kompetansen til revisjonsutvalet, men dersom leiaren ikkje kan ta del i møta, eller dersom det er særlege problem som skal handsamast, kan leiaren representere ved ein annan person som han/ho har peikt ut.

Artikkel 5

1. Avgjerder skal takast med vanleg fleirtal, og kvar medlemsstat skal ha berre éi røyst.

Det skal gå fram av fråsegnene til revisjonsutvalet om avgjerdene vart tekne samrøystes eller med fleirtalsavgjerd. Dersom det er naudsynt, skal synspunkt eller atterhald frå mindretalet først opp.

Når ei fråsegn ikkje er samrøystes vedteken, skal revisjonsutvalet leggje fråsegna fram for Den administrative kommisjonen saman med ein rapport der det særleg vert gjort greie for dei motstridande synspunkta og grunngevingane for desse.

Revisjonsutvalet skal òg oppnemne ein rapportør som har ansvaret for å gje Den administrative kommisjonen alle dei opplysningane som sistnemnde reknar for å vere nyttige for å kunne avgjere tvisten.

Rapportøren skal ikkje veljast blant representantane for dei statane som er involverte i tvisten.

2. Revisjonsutvalet kan fastsetje at avgjerder kan takast og grunnjevne fråsegner gjevast ved bruk av ein skriftleg framgangsmåte dersom revisjonsutvalet er vorte samd om ein slik framgangsmåte under eit tidlegare møte.

For dette føremålet skal leiaren leggje fram for medlemmene av revisjonsutvalet den teksta som skal vedtakast. Medlemmene skal ha ein fastsett frist på minst ti vrykedagar, slik at dei har høve til å melde frå om at dei forkastar den framlagde teksta eller ikkje vil røyste. Dersom det ikkje vert gjeve svar innan den fastsette fristen, skal dette reknast som ei positiv røyst.

Leiaren kan òg avgjere at det skal innleiest ein skriftleg framgangsmåte dersom revisjonsutvalet ikkje er vorte samd under eit av møta sine. I eit slikt tilfelle er det berre skriftlege godkjenningar av den framlagde teksta som skal reknast som positive røyster, og det skal fastsetjast ein frist på minst 15 vrykedagar.

Når den fastsette fristen går ut, skal leiaren gje medlemmene melding om resultatet av røystinga. Ei avgjerd som har fått det talet på positive røyster som er naudsynt, skal reknast som vedteken den dagen som er fastsett som siste frist for medlemmene til å svare.

3. Dersom ein medlem av revisjonsutvalet gjer framlegg om endringar av teksta under den skriftlege framgangsmåten, skal leiaren anten

a) innleie den skriftlege framgangsmåten på nytt ved å sende over endringsframlegget til medlemmene i samsvar med framgangsmåten i nr. 2, eller

b) avbryte den skriftlege framgangsmåten slik at saka kan drøftast under neste møte,

alt etter kva framgangsmåte leiaren reknar som høveleg for den aktuelle saka.

4. Dersom ein medlem av revisjonsutvalet, før svarfristen går ut, ber om at den framlagde teksta skal handsamast i eit møte i revisjonsutvalet, skal den skriftlege framgangsmåten ikkje lenger følgjast.

Saka skal då handsamast på nytt under neste møte i revisjonsutvalet.

Artikkel 6

Revisjonsutvalet kan skipe mellombelse grupper med ei avgrensa mengd personar som skal førebu og utarbeide framlegg som gjeld særskilte saker, og leggje desse fram for revisjonsutvalet med sikte på vedtaking.

Revisjonsutvalet skal, for kvar mellombels gruppe, avgjere kven som skal vere rapportør, kva oppgåver som skal utførast, og kva frist gruppa har for å leggje fram resultatet av arbeidet sitt for revisjonsutvalet. Dette skal fastsetjast i eit skriftleg mandat som skal vedtakast av revisjonsutvalet.

Artikkel 7

1. Sekretariatet for Den administrative kommisjonen skal førebu og organisere møta i revisjonsutvalet, og utarbeide møteprotokollane. Det skal utføre det arbeidet som krevst for at revisjonsutvalet skal fungere. Dagsorden og tidspunkt for møta i revisjonsutvalet, og kor lenge møta skal vare, skal avtalast med leiaren.

2. Sekretariatet for Den administrative kommisjonen skal seinast 15 vrykedagar før kvart møte tek til, sende over dagsordenen til medlemmene av revisjonsutvalet og medlemmene i Den administrative kommisjonen. Dokumenta som gjeld sakene på dagsordenen, bør gjerast tilgjengelege minst 10 vrykedagar før møtet tek til. Dette gjeld ikkje for dokument med allmenne opplysningar som ikkje treng godkjenning.

3. Merknader som gjeld komande møte i revisjonsutvalet, bør sendast til sekretariatet for Den administrative kommisjonen seinast 20 vrykedagar før møtet tek til. Dette gjeld ikkje

for dokument med allmenne opplysningar som ikkje treng godkjenning.

Merknader med opplysningar som gjeld det årlege rekneskapsoppgjeret som er fastsett i artikkel 69 nr. 1 i forordning (EF) nr. 987/2009, skal ha det formatet og omfatte dei opplysningane som er fastlagde av den uavhengige sakkunnige eller gruppa av uavhengig sakkunnige som er nemnd i artikkel 3 nr. 3 i denne avgjerda. Kvar delegasjon skal sende over denne merknaden til sekretariatet innan 31. juli året etter det året som det gjeld.

Artikkel 8

Når det er naudsynt, skal reglane for Den administrative kommisjonen òg gjelde for revisjonsutvalet.

Artikkel 9

Denne avgjerda skal kunngjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*. Ho skal nyttast frå datoen då gjennomføringsforordninga tek til å gjelde.

Lena MALMBERG

President for Den administrative kommisjonen